

Kjære medlemmar,

02.10.2023

Hausten er godt igang og det er tid for ei oppdatering frå BUF. Den 22. september var det fullt hus under NUBU-kurs på Steinkjer. Kursledere Anne-Cathrine Timland og Ragnhild Bech har stor kunnskap om kartleggingsverktøyet, og inspirerte til å ta i bruk NUBU for å få eit meir utfyllande funksjonsbilde av barn og unge. Det blir NUBU-kurs i samarbeid med region Nord i **Bodø 26.01.2024**. Spre ordet om kurset!

Vi minner om oppfølgingswebinar for ledere av fysioterapitenester for barn og unge og andre interesserte **10.10.2023**. Det er mange som lurer på dette med bemanning, kostratal, statistikk etc- dette er tida for å kome med spørsmål! Ofte er våre ledere ikkje fysioterapeutar, dei er også velkomne til å delta- så del påmeldingslenka med dei:
<https://norskfysioterapeutforbund.membersite.no/EventSignup>SelectParticipants/90528>

Dei siste åra har vi hatt stor suksess med gratis digitale fagkveldar for BUF-medlemmar. Denne gongen har Melhus sansesenter innlegg om sanseintegrasjon **16.11.2023**:
<https://norskfysioterapeutforbund.membersite.no/EventSignup>SelectParticipants/90529>

Påmelding til Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi 2024 er like om hjørnet. Den blir avvikla i **Oslo 11.-13.mars 2024**, så reserver tida! [Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi - tema for 2024 er klart](#)

Som medlem i BUF, er vi medlem i den internasjonale barnefysioterapi organisasjonen, IOPTP. Dei tilbyr gratis webinar om SMA **18.okt kl. 16-17.30** norsk tid. Påmelding innan 11.10, sjå lenka: [International Organization of Physiotherapists in Paediatrics | Facebook](#)

Av kurskalenderen ser de at NFF arrangerer både skolefysioterapikurs og kurs for barn og unge med nevrologiske funksjonsnedsettelser våren 2024. Vi ser at det er færre som melder seg på kurs i det siste og tenker at det nok heng saman med "dyrtid", både for helseforetak og private. Derfor har styret bestemt å prøve ut ei ny stipendordning, med at det er muleg å søke om stipend frå BUF, også om arbeidsgiviar har dekt kurset. Som de veit kan ein søke Fysiofondet om dekning av reise og opphold. **Søknadsfristen for stipend er 1. november.** Husk at ein må ha vore medlem i faggruppa i eitt år for å kunne søke stipend, og at kurset må vere ferdigavvikla for å kunne søke
<https://forms.gle/Y2LtCzPJwWb7KZWf9>

Styret har kome med innspel til fleire høyringar før og etter sommaren: Høring NOU 2023:5 Den store forskjellen. Om kvinners helse og betydningen av kjønn for helse, Innspill til Stortingsmeldingen om ungdomstid og 5.-10. trinn, Innspill til veilederen Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger". I tillegg pågår ein gjennomgang av spesialistkriteria internt i NFF. Vi forset samarbeidet med faggruppe for psykomotorisk fysioterapi om å få fleire fysioterapeutar inn i BUP. Vi får støtte frå Allmennlegeforeningen,

Barnelegeforeningen og Norsk forening for barne- og ungdomspsykiatri og skal ha strategimøte med dei i haust. Oppfordrer alle til å svare ut denne undersøkinga, her må vi få fram at fysioterapeuten også arbeider inn mot barn og unges psykiske helse:

<https://kunnskapombarn.no/aktuelt/jobber-du-med-barn-og-unges-psykiske-helse-vi-trenge-r-din-erfaring>

Vi ser at stadig fleire følger med på <https://www.barneogungdomsfysioterapi.no/>

Steinkjer kommune har tatt utfordringa om å starte ein barnestafett igjen- det vil seie at dei skriv litt i tidsskriftet om stort og smått som rører seg i sin kommune. Slik får vi delt erfaringar på tvers av landet. Så, vi håper andre kommunar tar oppfordringa når den kjem!



Bilde frå NUBU-kurset på Steinkjer.

Ha ein fin haust- så treffast vi på webinar!

På vegne av BUF-styret

Ingunn Skogseth-Stevens, faggruppeleder